

Bossanova

KUNDEBLAD, SPESIALUTGÅVE KVAM, DESEMBER 2004



BIR



Ny dekor: Renovatør Tor Bjarte Børven framfor ein av dei nye BIR-bilane

Velkommen til BIR

Frå 1. januar 2005 tek BIR over avfallshandsaminga i Kvam herad. Endringane vert ikkje store i forhold til tidlegare. Det viktigaste er at vi avsluttar innsamlinga av bioavfall, og at alle husstandar får eigen papirdunk. Elles vert renovatørane dei same som før, men alle bilar vert dekorerte med BIR-logoen.

Vi ønskjer alle kvemningar godt nytt år, og velkomne som kundar i BIR!

Tre gonger i året får du kundebladet Bossanova, som gir deg nyttig informasjon frå BIR. Neste utgåve kjem i mars 2005.



Slik blir renovasjonsordninga i BIR

Etter årsskiftet vil du heime hjå deg få ein dunk til restavfall og ein til papir. Innsamlinga av bioavfall vert avslutta, og slikt avfall kan då kastast i dunken for restavfall.

Du kan også velje å inngå avtale om heimekompostering med BIR, noko som vil gje deg rabatt på renovasjonsgebyret. Dunkane for bioavfall vil bli trekte inn kort tid etter din siste tømedag for bioavfall. Alle vil få eigen papirdunk på nyåret.

Ny dag for tøming?

Tøming av restavfallsdunken din vil bli på same dagar som no viss du har henting på måndag, tysdag, torsdag eller fredag. Har du tøming av restavfallsdunken på onsdagar, vil du i staden få henting om tysdagen.

Tøming av papirdunken vil frå nyttår bli på onsdagar i staden for fredagar. Dette gjeld berre for dei som allereie har papirdunk. Alle i Kvam herad som ikkje har eigen papirdunk, vil få dette i løpet av januar/februar 2005. Denne skal du ikkje ta i bruk før du får brev frå BIR om at ny ordning trer i kraft.

Returpunkt og gjenvinningsstasjon

Ordninga med returpunkt og gjenvinningsstasjon blir som før. Mottaka for glas- og metallemballasje vil stort sett bli ståande der dei er. Endringar kan du sjå på bir.no. Me ønskjer også å setja ut returpunkt for innsamling av plastemballasje, og vil koma tilbake med informasjon om plassering av slike.

Gjenvinningsstasjonen i Tolomarka kan du sjå sak om lenger nede på sida, eller lesa meir om på www.bir.no.



Litt om BIR

BIR AS er ei interkommunal verksemd, og Kvam vert no ein av ni eigarkommunar. Dei andre eigarkommunane er Askøy, Bergen, Fusa, Os, Osterøy, Samnanger, Sund og Vaksdal. På vegne av desse kommunane er BIR ansvarleg for avfallshandsaminga til 300 000 innbyggjarar. Konsernet BIR AS er todelt. Ein del driv med lovpålagte tenester (monopol), og driv etter sjølvkostprinsippet (skal gå i null), medan konkurransedelen er marknadsbasert og skal gi overskot.

Det er dotterselskapet BIR Privat AS som er ansvarleg for tilbodet til privatkundane. Denne delen av verksemda høyrer til dei lovpålagte tenestene. Heile organisasjonskartet til BIR-konsernet finn du på www.bir.no.



Kundesenteret til BIR

Dei tilsette ved BIR sitt kundesenter hjelper deg dersom du har spørsmål til oss i BIR.

Vidar Fyllingsnes er ein av dei som arbeider her, og han svarar på telefonar og e-post frå kundane våre. Ta gjerne kontakt om det er noko du lurar på. Du når dei på telefon 815 33 030 og på e-postadressa bir@bir.no.



Gjenvinningsstasjonen i Tolomarka

Frå 1. januar 2005 vil BIR Privat AS drive gjenvinningsstasjonen i Tolomarka.

Opningstider

Mandag: kl. 10.00-18.00
Onsdag og fredag: kl. 10.00-15.00
Laurdag: kl. 09.00-14.00

Prisar for levering

Privatkundar:
Inntil 2m³: kr 50,-
Over 2m³: kr 150,-

Næringsdrivande:

Inntil 2m³: kr 350,-
Over 2m³: kr 350,- pr. m³

Levering av avfall

Stasjonen tek imot dei fleste typar avfall, slik som trevirke, jernskrap, bildekk, farleg avfall (berre frå private), elektrisk- og elektronisk avfall (EE-avfall), restavfall med

meir. Alt avfall skal sorterast i containarar. Det vil frå 2005 ikkje lenger vera mogeleg å nytte den tidlegare fyllplassen som då vil verta stengt.

Bilar med totalvekt inntil 3500 tonn + hengar, kan nytte gjenvinningsstasjonen.

Kast julepapiret i restavfallet

Skal du rydde opp etter jul? Hugs at julepapiret ikkje skal i papirdunken, men i restavfallet. Gåvepapir inneheld nemleg leire og fargestoff som gjer at det ikkje kan bli omdanna til nytt papir. Også blandingsemballasje som er samansett av t.d. plast, papp og folie skal i restavfallet.